

---

Saknr: 2020/12-57  
Saksbehandlar: Susan Kathinka Halvorsen  
Husabø

---

## Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda		07.05.2020
Hovudutval for opplæring og kompetanse		13.05.2020
Fylkesutvalet		28.05.2020
Fylkestinget		09.06.2020

## Lokal forskrift om inntak og formidling i Vestland fylkeskommune

Forslag til innstilling

Fylkestinget vedtek «Lokal forskrift for inntak og formidling i Vestland fylkeskommune», datert 18.4.2020

### Samandrag

Fylkestinget i Vestland vedtok i møte 17.12.19 (FT-sak 27/19) å sende sak om lokal inntaks- og formidlingsforskrift for Vestland fylkeskommune ut på høyring. Høyringsfristen var 23.2.20, og det kom inn 51 uttalar.

På grunnlag av vurderingane ein gjorde i høyringsutkastet og innkomne høyringsuttalar, legg fylkesrådmannen fram tilråding om at Vestland fylkeskommune blir delt i inntaksområde og at inntaksområda samsvarar med dei to tidlegare fylka, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Fylkesrådmannen tilrår at det i studieførebuande utdanningsprogram blir innført rett til oppflytting til vg2 og vg3 ved same skule, under føresetnad av at elevane har kompetanse frå nivået under.

Fylkesrådmannen tilrår at § 7 Inntak til vg1 idrettsfag dannar grunnlag for vidare arbeid med organisering og eventuelle endringar i tilboda for elevar som ønsker å kombinere vidaregåande opplæring med satsing på idretten sin på høgt nivå.

Fylkesrådmannen tilrår at lokal forskrift for inntak og formidling i Vestland fylkeskommune, datert 18.4.2020 bli vedteken.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Vedlegg

1. Høyring om lokal inntaks- og formidlingsforskrift for Vestland fylkeskommune (Fylkestinget 17.12.19 PS-sak 27/19)
2. Høyringsuttalane
3. Forskrift om inntak og formidling i Vestland fylkeskommune, datert 18.4.2020

### Bakgrunn for saka

Forskrift til opplæringslova, [§ 6-2](#) og [§6A-2](#) pålegg fylkeskommunane å fastsetje lokale forskrifter om inntak og formidling. Desse forskriftene kan vere same forskrifta, og fylkesrådmannen har utarbeidd framlegg til ei felles forskrift for Vestland fylkeskommune.

Fylkestinget handsama sak om høyring av lokal inntaks- og formidlingsforskrift i møte 17.12.19, PS-sak 27/19. Framlegget til lokal forskrift var ute på høyring i perioden 8.1-23.2 2020. Det kom inn 51 høyringsuttalar.

Høyringsuttalene fordeler seg slik:

Frå	Tal
Elevråd/elevorganisasjonar	1
Vidaregåande skular	13
Kommunar	6
Fagorganisasjonar/tillitsvalde	12
Bedrifter og opplæringskontor	0
Olympiatoppen og idrettsorganisasjonar.	3
Einskildpersonar	14
Lag og organisasjonar	2

Høyringsutkastet til lokal forskrift var delt i tre deler: kapittel 1 inntak, kapittel 2 International Baccalaureate (IB) og kapittel 3 formidling (opplæring i bedrift). Til kapittel 3 var det ingen høyringsuttalar.

Høyringa vart sendt på e-post til alle kommunane, dei vidaregåande skulane og til alle opplæringskontor/lærebedrifter som har eit minimum tal løpande lærekontraktar. Informasjon til elevråd gjekk via dei vidaregåande skulane. I tillegg vart informasjon om høyringa og høve til å gje uttale lagt på Vestland fylkeskommune si heimeside og i sosiale medium.

Fylkesrådmannen hadde forventa langt fleire høyringssvar, og når ein ser kven som har svart, tyder det på at lokal inntaks- og formidlingsforskrift mest har betydning internt i organisasjonen.

I saksutgreiinga som danna grunnlag for dei alternativ som vart sendt på høyring, er fordeler og ulemper ved alternativa presenterte. Fylkesrådmannen si tilråding i denne saka bygger på same fakta, og på dei same vurderingane av fordeler og ulemper som i saka til fylkestinget i desember. I tillegg er høyringsuttalane vurderte, og synspunkta i dei er del av fylkesrådmannen sitt samla avgjerdsgrunnlag.

Vestland fylkeskommune har 42 vidaregåande skular, der 11 av dei har under 300 elevplassar og 11 har over 600 elevplassar. Til saman er det om lag 20 000 elevplassar. Omfanget av tilbod ved skulane er ulikt, men dei programområda som har flest søkarar er tilbod ved mange av skulane i fylket. Tilboda ved skulane speglar også arbeids- og næringslivet i skulen sitt omland. Slike tilpassingar blir til over tid, og det er ønske frå begge partar om tettare samarbeid.

Saksutgreiinga er bygd opp etter kapittel og paragrafane i høyringsutkastet til lokal inntaks- og formidlingsforskrift. Berre paragrafar der fylkesrådmannen sende alternativ på høyring, eller der det kom inn vesentlege moment i høyringa er behandla i saka. Fylkesrådmannen har ikkje omtala eller bede om innspel til paragrafar der den sentrale inntaksforskrifta er styrane.

### Kapittel 1 inntak

#### § 2- inntaksmodell

Til § 2 vart det lagt fram tre alternative forslag til inntaksmodellar:

1. Fritt skuleval - eitt inntaksområde
2. Nærskuleprinsippet
3. Fleire inntaksområde med fritt skuleval i kvart område

Til alternativ 3 - fleire inntaksområde - la fylkesrådmannen fram fire alternative inndelingar.

### Oppsummering av høyringsuttalane

Oppsummering av høyringsuttalane	Tal høyringsuttalar totalt	§ 2 - Inntaksområde		
		Alt 1 fritt skuleval	Alt 2 nærskuleprinsippet	Alt 3 fleire inntaksområde
Elevråd/elevorganisasjonar	1	1		
Vidaregåande skular	13	4	2	7
Kommunar	6	1	2	3
Fagorganisasjonar/ tillitsvalde	12		10	2
Bedrifter og opplæringskontor	0			
Olympiatoppen og idrettsorganisasjonar.	3			
Einskildpersonar	14	5	4	5
Lag og organisasjonar	2		1	1
<b>Totalt</b>	<b>51</b>	<b>11</b>	<b>19</b>	<b>18</b>

Tabell 1

Sjølv om det er færre høyringsuttalar enn forventa, er synspunkta likevel vesentlege. Som tabell 1 syner, er meiningane om kva som er føretrekt inntaksmodell i Vestland delte. Av dei 48 uttalane som er gitt til § 2, meiner 11 at fritt skuleval er å føretrekke, medan 19 vil ha nærskuleprinsippet. 18 ønsker modell 3, med fleire inntaksområde.

Det er eit tydeleg trekk at uttalar som går for alternativ 1 framhevar fordelane ved denne inntaksmodellen, medan uttalane som går for alternativ 2 eller 3 framhevar ulempene ved alternativ 1, meir enn fordelane ved modellen dei har vald. Det er ikkje tilsvarende argument mot alternativ 2 og 3 av dei som går for alternativ 1. Argumenta som talar mot val av alternativ 1 er soleis henta frå uttalane som ønsker alternativ 2 eller 3.

Fylkesrådmannen har komprimert synspunkta i uttalane. Alle argumenta i høyringsuttalane er med, men ikkje ordrett. Under kvart alternativ har fylkesrådmannen supplert med argument ein la fram i høyringsdokumenta, og i nokon grad samanlikna alternativ 2 og 3 med alternativ 1. Fylkesrådmannen sine vurderingar og tilråding til val av inntaksmodell vert beskrive i siste del av omtale av kapittel 1, inntak.

I møte 28.11.19 (PS-sak 10/2019) handsama hovudutval for opplæring og kompetanse sak om «Fritt skuleval - høyring om forslag til endringar i forskrift til opplæringslova kapittel 6». Fylkesrådmannen har vore i kontakt med Utdanningsdirektoratet (Udir) med tanke på tidsplan for vidare saksgang. Udir opplyste at dei då jobba med oppsummering av høyringa, og tok sikte på å sende den til Kunnskapsdepartementet i overgangen mars/april. Vi har vore i kontakt med departementet, men fekk ikkje kontakt med nokon som kunne svare. Det betyr at dersom høyringa fører til nasjonal endring i forskrift til opplæringslova, må det gjerast nødvendige endringar i lokal forskrift i etterkant.

### Alternativ 1, fritt skuleval

Innkome uttalar for alternativ 1, fritt skuleval:

- Gjer same mogelegheiter for alle elevane i same fylke, vil gje nærare tilknytning til det nye storfylket.
- Karakterar skal vere avgjerande ved inntak.
- Søkarakar får høve til å velje mellom fleire sosiale tilbod. Fritid og trivsel vil vere avgjerande for mange.
- Er for fritt skuleval med reisetidsgaranti.

Som tabell 1 syner er om lag ein tredel av uttalane frå skulane og ein tredel av uttalane frå einskildpersonar for alternativ 1. Derimot ønsker ingen av dei tilsette sine organisasjonar at alternativ 1 blir valt.

Innkomne uttalar mot alternativ 1, fritt skuleval:

- Elevane med svakast karakterar får lang reiseveg mellom heim og skule, ein ser det som uheldig at dei med svakast føresetnader må flytte på hybel.
- Fylket har for store avstandar til at alle elevane kan reise heim i helga.
- Dårlegare oppfølging frå heimen gjev dårlegare gjennomføring
- Karakterbasert inntak gjev gode valmogelegheiter for dei elevane som har høgt karaktersnitt frå ungdomsskulen, og avgrensa eller ingen mogelegheiter for dei elevane med lågt karaktersnitt frå ungdomsskulen.
- Ordninga skaper hierarki mellom skulane, med A- og B-skular

I tillegg er det synspunkt til alternativ 1, som ikkje direkte talar mot denne inntaksordninga, men peikar på konsekvensar ein må vere klar over.

- For distrikta i Vestland vil risikoen for at eit reint karakterbasert inntak bidreg til å sentralisere skule- og tilbodsstrukturen òg vere ei utfordring. For fleire av skulane i distrikta er elevtalsgrunnlaget slik at det ikkje skal vere vesentleg endringar i elevane sitt søkemønster, før tilbod ved skulen står i fare. Fritt skuleval vil soleis kunne utfordre strukturane på distriktsskulane dersom utpendling til sentrumsskular vil svekke elevgrunnlaget. Dette kan motverkast gjennom regulering
- Dersom fritt skuleval, er det avgjerande at dimensjoneringa i større grad vert basert på kompetansebehova til næringslivet og offentleg sektor. Då kan ikkje søkartal i seg sjølv føre til oppretting av fleire klassar.

Høyringsuttalane omtalar dei same fordelane og ulempene ved alternativ 1 som fylkesrådmannen la fram i høyringssaka, om enn med andre ord. I tillegg peika fylkesrådmannen på at fritt skuleval i heile Vestland fylkeskommune kunne gjere det meir krevjande å dimensjonere det samla tilbodet opp mot søkinga. Dette er ei problemstilling som nok vil vere størst dei første åra, og som nok berre vil gjelde nokre tilbod.

## Alternativ 2, nærskuleprinsippet

Fylkesrådmannen la fram to alternativ etter nærskuleprinsippet på høyring. Første alternativ var eit fullskala nærskuleprinsipp (alt. 2a), der søkarane etter folkeregistrert adresse vert styrt til næraste skule som har dei programområda søkaren har søkt på. Det andre alternativet (alt. 2b) var etter modell frå Trøndelag, der søkarane blir prioriterte ut frå kommune dei kjem frå, dersom utdanningsprogrammet/programområdet finst ved nærskulen. Dersom nærskulen ikkje har utdanningsprogrammet/programområdet søkaren ønsker, vel søkaren sjølv kva anna skule han/ho vil søke, og konkurrerer med karakterpoeng på lik linje med søkarar som har dette som sin nærskule.

Dei færraste uttalane til fordel for alternativ 2 har spesifisert om dei ser modell A eller B som mest gunstig for elevane. Det er ein uttale for alternativ A. Det er 19 av høyringsuttalane som ønsker nærskuleprinsippet som inntaksmodell.

Innkomne uttalar for alternativ 2, nærskuleprinsippet:

- Ønsker alternativ 2a. Alternativ 2b vil gje negative konsekvensar for grenseområda.
- Ønsker at alle elevane skal kunne nytte seg av næraste skule til heimeadressa. Slik unngår ungdommane å flytte på hybel i ung alder.
- Hindrar lange reiseavstandar og motverkar fråfall
- Nærskuleprinsippet motverkar A-, B- og C-skular.
- Skular i distrikta har som mål å tilby opplæring i samsvar med behova i lokalt arbeids- og næringsliv. Viktig med føreseielege rammer som kan gje stabilitet.

- Viktig for arbeidet med praksis- og lære plassar i området, og er positivt for arbeidet med overgang frå grunnskule til vidaregåande opplæring.
- Nærskuleprinsipp etter modell frå Trøndelag vil gje likeverdige mogelegheiter for alle elevane. Unngår ufrivillig lang reiseveg, gjev sosial utjamning og samsvar mellom opplæringstilbod og lokalt arbeidsliv på ein god måte.

Innkomne argument som problematiserer alternativ 2:

- For at nærskuleprinsippet skal fungere godt, føreset modellen at det er ein skule- og tilbodsstruktur som gjev at kvar skule har føreseieleg søkargrunnlag
- I Bergen er det vanskeleg å definere skulekrinsar som blir oppfatta som naturlege.

I tillegg til fordelane som vist til i høyringsuttalane, ser fylkesrådmannen det som positivt at dei fleste søkarane allereie før inntaket vil vite kva skule dei kjem inn på. Samtidig vil det vere realistisk at nokre søkarar ikkje kjem inn på nærskulen, då det vil vere konkurranse om plassane også ved inntak etter nærskulemodellen. Det vil gjelde søkarar med svakast karaktergrunnlag, og dei vil få lengst reiseveg, ev. måtte bu på hybel.

Det er også grunn til å peike på at fullskala nærskulemodell vil gje søkarane mindre valfridom til skule og gjev mindre høve til miljøskifte for dei som ønsker det. Ved Trøndelagsmodellen kan elevane måtte tilpasse val av utdanningsprogram til om dei ønsker å gå på nærskulen eller ikkje.

I område med lågt eller fallande elevtalsgrunnlag kan det blir krevjande å oppretthalde tilbodsstrukturen på nærskulen. Eit vellykka inntak etter nærskuleprinsippet vil krevje ein skule- og tilbodsstruktur som er tilpassa elevtalsgrunnlaget i kvar skule sitt omland og at skulestrukturen er slik at kvar skule har eit naturleg omland.

Eit par av høyringsuttalane er opptekne av skulane i distrikta sine målsetjingar om å tilby opplæring i tråd med lokalt arbeids- og næringsliv, og av arbeidet med å skaffe nødvendige praksis- og lære plassar. Fylkesrådmannen meiner at skulane, også gjennom dei andre inntaksmodellane, er i stand til å halde på, utvikle og forbetre samarbeidet med lokalt og regionalt arbeids- og næringsliv.

### **Alternativ 3, Fleire inntaksområde med fritt skuleval i kvart område**

Til alternativ 3 legg fylkesrådmannen desse føresetnadane til grunn: Fylket vert delt i to eller fleire geografiske inntaksområde. Søkarane kan fritt søke alle skular i sitt inntaksområde. Karakterar avgjer kva skular og programområde søkaren kjem inn på innanfor inntaksområdet. Søkarar har rett til eit tilbod i eige inntaksområde.

Fylkesrådmannen la fram fire ulike forslag til inndeling i inntaksområde. Dei fire alternativa som låg i høyringsframlegget er ikkje omtala i nokon av høyringssvara.

Innkomne uttalar for alternativ 3, fleire inntaksområde:

- Gulen og Solund bør vere i nordre inntaksområde, synleggjere kystsatsing.
- Ønsker alternativ 3, men kvote for nærskuleelevar, til dømes 60% av plassane.
- Minimum indre Sogn og Voss i eitt område.
- Ønsker at alle elevane har rett til å gå på skule der dei bur, men samtidig kunne søke andre skular.
- Ønsker inntaksområde i tråd med tidlegare fylkesgrenser.
- Stiller seg bak FT sitt vedtak om å styrke distriktsskulane gjennom oppretting av fylkesdekkande tilbod, stabile, føreseielege tilbod og tilskot til halve klassar.
- Bør vurdere eige inntaks- og formidlingsordning for Bergen, for å unngå A- og B-skular.
- Ønsker alternativ med 3 inntaksområde (berre frå Utdanningsforbundet Sogn og Fjordane)

I tillegg til synspunkta som er komne fram i høyringa, vil fylkesrådmannen peike på at fleire inntaksområde, i motsetning til alternativ 1, vil ta bort frykta for at søkarar med låge inntakspoeng får tilbod om skuleplass i veldig lang avstand frå heimpllassen. Fylkeskommunen vil ha plikt til å gje tilbod om plass innanfor inntaksområdet.

Ved oppdeling av Vestland fylke i fleire inntaksområde, vil det nødvendigvis vere delar av fylket som ligg i grenseområda mellom fleire inntaksområde. For søkarar i desse områda kan grensene verke urimelege. Då Vestland var Hordaland og Sogn og Fjordane, var det avtalar som tok i vare søkarar i slike område, i tillegg til grenseavtalar med Møre og Romsdal i nord og Rogaland i sør.

### Fylkesrådmannen si tilråding og vurderingar

Fylkesrådmannen vil tilrå alternativ 3, fleire inntaksområde. Ingen av dei fire alternative som var ute på høyring er kommenterte i høyringsinnspela, og fylkesrådmannen si vurdering er at mangel på tilslutning til desse alternativa kan tolkast som at inntaksområde der grensa følgjer tidlegare fylkesgrense mellom Hordaland og Sogn og Fjordane kan vere eit alternativ. Fylkesrådmannen vil difor tilrå to inntaksområde, og der grensa følgjer tidlegare fylkesgrense mellom Hordaland og Sogn og Fjordane.

I kommentarane i høyringa ser ein at dei langt på veg fanga opp dei synspunkta fylkesrådmannen la fram i høyringsutkastet til lokal inntaks- og formidlingsforskrift.

Grunngjevinga for val av modell bygger på fleire forhold. For det første er det tunge argumenta mot alternativ 1, fritt skuleval, både i opplisting av ulemper i høyringssaka og i høyringsuttalane som er komne. Vestland fylkeskommune er i utstrekning så stort at det er reell fare for at søkarar som ikkje får tilbod om plass ved skular dei har søkt, kan få tilbod langt unna heimlassen.

For det andre er det sannsynleg at fritt skuleval vil føre til ein noko større sentralisering mot Bergen, med søkarmassen frå tidlegare Sogn og Fjordane i tillegg. Denne tendensen treng ikkje bli sterk, men for skular i område med lågt eller fallande elevtalsgrunnlag, ser ein allereie no, at tilbod er sårbare grunna låg søking.

Fylkesrådmannen har sett på søking til vg1 studiespesialisering i Bergen av søkarar som ikkje er busette i Bergen kommune. Til skuleåret 2020/21 har i alt 264 med ungdomsrett søkt. Av desse er 188 frå nabokommunane Askøy og Øygarden, medan 76 søkarar kjem frå dei andre kommunane i tidlegare Hordaland.

Etter fylkesrådmannen si vurdering vil alternativ 2 - nærskuleprinsipp, vanskeleg la seg gjennomføre på ein god måte i heile fylket. Å definere nærskule i Bergen er i praksis ikkje mogeleg, noko som også er peika på i høyringa. Søkarane vil oppleve det som urimeleg dersom ein opererer med ulike prinsipp for inntak i Vestland.

I ein høyringsuttale for fritt skuleval er omgrepet reisetidsgaranti brukt, som eksempel på tiltak for å motverke negative verknader. Fylkesrådmannen ønsker å seie noko om omgrepet og kva det i praksis vil seie. Eit vedtak om skuleplass innanfor ein times reiseveg (reisetidsgaranti) har berre verdi dersom det faktisk er plass til søkaren. Grunnen til at ein søkar får tilbod ved andre skular enn søkt, er at det er fullt ved skulane ein har søkt. Dersom garantien skal ha verdi, må søkaren gjevast tilbod om plass i førsteinntaket

Tilrådinga om tidlegare fylkesgrense som grense mellom inntaksområda er gjort ut frå at dei to tidlegare fylka over tid har bygd opp ein tilnærma komplett tilbodsstruktur. Elevtilgangen har sett grenser for kor breitt tilbod det har vore rom for, og lokalt og regionalt arbeids- og næringsliv har bidrege til at tilboda best mogeleg er tilpassa behova i skulane sitt omland.

Det er ein del opplæringstilbod som berre er representert i sørfylket og ikkje i nordfylket. For søking til skuleåret 2020/21 er desse fylkesdekkande tilbod, og har gjeve alle søkarane i Vestland høve til å søke på same vilkår. Fylkesrådmannen vil tilrå at dette blir vidareført. Det vil seie at søkarane i Vestland fylkeskommune stiller likt i konkurranse om plassane til tilbod som er lokalisert i berre eitt av inntaksområda.

Som nemnt tidlegare vil val av fleire inntaksområde gje grenseområde kor ungdommane opplever at dei høyrer til i begge inntaksområda. Etter fylkesrådmannen si vurdering er det kommunane Gulen og Solund, som har vore omfatta av Hordalandsavtalen, og Aurland kommune som er i grenseområde mellom skule i sørfylket og skule i nordfylket.

Fylkesrådmannen vil fremje ei løysing der søkarar frå Gulen og Solund kan konkurrere på same vilkår til Austrheim vgs som søkarar frå sørfylket, i tillegg til vanlege rettar til tilbod i nordfylke.

Tilsvarande vil søkarar frå heile Aurland kommune kunne konkurrere på same vilkår til Voss vgs og Voss gymnas som søkarar frå sørfylket, i tillegg til vanlege rettar til tilbod i nordfylke.

### § 5 Oppflytting vg2 og vg3 studieførebuande utdanningsprogram

Til § 5 vart det lagt fram to alternative forslag til rett til oppflytting til neste nivå i studieførebuande utdanningsprogram.

- Alternativ 1: Oppflytting vg2 og vg3 studieførebuande utdanningsprogram.
- Alternativ 2: Oppflytting vg3 studieførebuande utdanningsprogram.

Spørsmålet om elevar skal ha rett til oppflytting ved same skule frå vg1 til vg2 og frå vg2 til vg3, var det andre vesentlege spørsmålet i høyringa. Rett til oppflytting, dvs. rett til å bli tekne inn på same skule alle tre åra, vil vere under føresetnad av at eleven har bestått lågare nivå, men konkurrerer då ikkje på karakterane sine. Det vil berre vere mogeleg å praktisere ei slik ordning i studieførebuande utdanningsprogram. I yrkesfaglege utdanningsprogram er mange av programområda på vg2 tilbod berre ved få skular. Den breie tilbodsstrukturen på vg2 yrkesfag tilseier at ei slik oppflytting ikkje er mogeleg å gjennomføre i praksis. Tidlegare Hordaland fylkeskommune hadde praksis med oppflytting på studieførebuande utdanningsprogram, medan Sogn og Fjordane fylkeskommune hadde søking til alle nivå.

Oppsummering av høyringsuttalar etter høyringsfristen	Tal høyringsuttalar totalt	§ 5 Inntak til vg2 og vg3	
		Oppflytting til vg2 og vg3	Oppflytting til vg3
Elevråd/elevorganisasjonar	1		
Vidaregåande skular	13	6	10
Kommunar	6		3
Fagorganisasjoner/ tillitsvalde	12	5	10
Bedrifter- opplæringskontor	0		
Olympiatoppen og idrettsorganisasjonar.	3		
Einskildpersonar	14	7	12
Lag og organisasjonar	2		1
<b>Totalt</b>	<b>51</b>	<b>18</b>	<b>36</b>

Tabell 2 syner korleis høyringssvara til § 5 fordeler seg. 36 av 50 høyringsuttalar meiner det skal vere rett til oppflytting frå vg2 til vg3, medan halvparten av dei i tillegg meiner det skal vere rett til oppflytting frå vg1 til vg2.

Kommentarane frå høyringa:

- Bør lagast regel for dei som har hatt eit år i utlandet
- Ser baksida ved oppflytting til vg2, men for elevane vil det vere gunstig å sleppe konkurransen for å koma vidare til vg2. Kan betre konsentrere seg om læringsarbeid.
- Negativt med oppflytting til vg2, elevar som ønsker visse programfag må bestemme seg allereie i 10. klasse. Oppflytting til vg2 gjev dårlegare motivasjon for arbeid.
- Karakterbasert inntak utan rett til same skule, kan påverke gjennomføring for utsette elevar. Same skule spesielt viktig for elevar med utfordringar knytt til psykisk helse.
- God erfaring med oppflyttingsgarantien, og den har vore motvekt mot nokre av verknadane av karakterbasert skuleval, men langt frå alle. Dersom val av modell 1 eller 3 tilrår ein at oppflyttingsgaranti blir innført.
- Ser fordelar og ulemper ved oppflytting frå vg1 til vg2 og frå vg2 til vg3. Ved val av nærskuleprinsipp er det ikkje behov for oppflytting. Ved val av modell 1 vil det vere behov for å modifisere ordninga for å demme opp for dei mest uheldige utslaga, men samstundes kan det verke paradoksalt om modifiseringa primært skal kome mellom vg1 og vg2, når elevane er eit år modnare, og ikkje i overgangen mellom grunnskule og vidaregåande opplæring. Det kan og synast paradoksalt at modifiseringa primært skal gjelde det utdanningsprogrammet som har ein mest desentralisert struktur og der ein relativ stor del



av søkargrunnlaget er i den elevgruppa som har best grunnlag for å lukkast i vidaregåande opplæring.

### Oppflytting frå vg1 til vg2

Fylkesrådmannen ser at det er både fordeler og ulemper ved å gje elevane rett til oppflytting mellom vg1 og vg2. Ein klar fordel er at opplæringsløpet blir føreseieleg for desse elevgruppene. Oppflytting frå vg1 til vg2 vil truleg opplevast som ein fordel for eit fleirtal av elevane, ved at dei er sikra plass i tre år når dei først er komne inn på ein skule. Det gjer det lettare å bygge gode, stabile klassemiljø, og i tillegg blir karakterpresset for elevane mindre, noko som også er nemnt i høyringssvar. Det er likevel rom for å diskutere om frávær av karakterpress berre er negativt, sidan karakterar også er ein motivasjonsfaktor.

I utdanningsprogrammet musikk, dans og drama vil oppflyttingsrett medføre at ein held nede kapasitetsbehovet i fylkeskommunale skular. Privatskular tilbyr også musikk, dans og drama, og ved kapasitetsreduksjon her aukar søkinga til fylkeskommunale tilbod.

To av ulempene ein ser med oppflytting frå vg1 til vg2 er, for det første, at det gjev reduserte mogelegheiter for elevane til miljø- og/eller fagskifte etter inntak på vg1, og at søkarane må ta eit val for tre år. For det andre må ein allereie ved søking til vg1 ta omsyn til kva programfag dei ønsker på vg2 og vg3 for å kunne søke seg til skular som tilbyr desse programfaga. Dette kan bli ein utfordring for dei som i 10. klasse ikkje veit kva fag dei vil velje i 2.klasse på vidaregåande. Søkarakar som ikkje konkurrerer seg inn på ønska skule til vg1, vil heller ikkje ha nytte av å jobbe seg opp i karaktersnitt, for så å kome inn på ønska skule på vg2.

Ein ser også prinsipielle utfordringar ved rett til oppflytting. Den eine er at ein for studieførebuande utdanningsprogram med ei slik ordning vil legge to ulike hovudprinsipp til grunn for inntaket til vg1 og til vg2/vg3. Dersom fylkestinget vel fylkesrådmannen si tilråding til inntaksmodell vil inntak til vg1 ha karakterar som det viktigaste sorteringskriteriet. Til vg2 (og vg3) vil første sorteringskriterium ikkje vere karakterar, men kva skule søkaren gjekk på vg1.

Den andre prinsipielle utfordringa er knytt til forfordeling av søkarane til studieførebuande utdanningsprogram. Med ei ordning som gjev rett til oppflytting vil ein handsome søkarar til studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram ulikt. Studiespesialisering er eit tilbod som finst ved dei aller fleste skular. Elevar som ønsker generell studiekompetanse vil derfor i stor grad kunne få dette tilbodet i nærleiken av der dei bur.

I nordfylket, som ikkje har hatt rett til oppflytting, har det store fleirtalet av elevane både søkt seg til, og fått plass ved same skule på vg2. I sørfylket var situasjonen, før innføring av oppflyttingsretten, at majoriteten av elevane utanom i Bergen kom inn på same skule på vg2. I Bergen er det større mobilitet og fleire privatskular elevane kan velje mellom, noko som gav grunnlag for større usikkerheit med omsyn til inntak til vg2.

### Oppflytting frå vg2 til vg3

I studieførebuande utdanningsprogram har elevane i kvart utdanningsprogram same faga på vg1. Elevane vel ulike programfag på vg2. For å få godkjente vitnemål må elevane ha tilstrekkeleg programfagstimar, og på vg3 må dei vidareføre minimum to programfag frå vg2. I tillegg må elevane ha eit framandspråk som fellesfag på vg2 og vg3.

Erfaringa frå Sogn og Fjordane er at det kan by på problem med fullføring av programfag og framandspråk, dersom ein elev ikkje går på same skulen i vg2 og vg3, sjølv om det ikkje har gjeldt mange elevar per år. Ikkje alle skulane tilbyr alle fag, og det har vore krevjande å få på plass nødvendig undervisningstilbod for enkeltelevar, slik at fagkombinasjonen tilfredsstillir krava for å få godkjend vitnemål.

I tidlegare Hordaland var erfaringar gode med oppflytting frå vg2 til vg3, og tidlegare Sogn og Fjordane hadde dårlege erfaringar med ikkje å ha slik ordning.

Utvekslingslevar, elevar som tek vg2 i utlandet, kjem tilbake til vg3. Praxis i begge fylka har vore at dei kjem tilbake til skulen der dei gjekk på vg1. Ved skular der mange reiser på utveksling blir det plass til andre som søker på vg2. Utfordringa kjem på vg3 når utvekslingslevar kjem att,



samtidig som vg2 kanskje er fylt opp. Det er stor variasjon mellom skulane i kor mange elevar som reiser på utveksling. I Bergensområdet er det mange, fordi det er mange elevar totalt, og her er det relativt enkelt å opprette ein ekstra vg3 klasse som gjev tilbod til utvekslingselevane. Elles i fylket må ein løyse dette ved den enkelte skule. Fylkesrådmannen utarbeider retningsliner for prioritering ved elevane for inntak til vg3, og gjere desse kjent for søkerane.

### **Fylkesrådmannen si tilråding i spørsmålet om rett til oppflytting ved same skule i studieførebuande utdanningsprogram**

Fylkesrådmannen si vurdering er at rett til oppflytting mellom vg2 og vg3 i all hovudsak er ein fornuftig løysing, som sikrar elevane sine rettar slik at dei får godkjende vitnemål. Fylkesrådmannen tilrår at Vestland fylkeskommune innfører rett til oppflytting ved same skule frå vg2 til vg3, under føresetnad av at vg2 er bestått.

Spørsmålet om rett til oppflytting ved same skule frå vg1 til vg2 er den beste løysinga, er ikkje so eintydig. Ein har gjort greie for det ein tydeleg ser som fordelane ved ordninga og også «ulempene», av praktisk og prinsipiell karakter.

Fylkesrådmannen har valt å legge vekt på at når det er mogeleg å gje føreseielege forhold for om lag halvparten av elevane i vidaregåande skule, så er det grunn til å gjere det. Ein er klar over at dette er forskjellsbehandling i forhold til elevar som vel yrkesfagleg utdanning, og at det kan gjere det vanskeleg for nokre elevar som ønsker eller treng fag- eller miljøskifte.

Etter ei samla vurdering vil fylkesrådmannen difor tilrå at Vestland fylkeskommune innfører rett til oppflytting ved same skule frå vg1 til vg2, under føresetnad av at vg1 er bestått.

### **§ 7 Inntak til vg1 idrettsfag**

-ordningar for toppidrettsutøvarar og potensielle toppidrettsutøvarar.

I høyringssaka ( vedlegg 1) gjorde ein greie for tilboda for toppidrettsutøvarar og potensielle toppidrettsutøvarar i dei to tidlegare fylkeskommunane.

Det har kome tre innspel til høyringa frå Norges padlerforbund, Vestland Idrettskrets, og Olympiatoppen Vest. Høyringsuttalane frå idrettskrinsen og Olympiatoppen syner til resultatane av ordningane og viktigheita av å vidareføre gjeldande tilbod i Vestland fylkeskommune.

Innhaldet i tilboda i dei to tidlegare fylka var ulikt. I tidelegare Hordaland var nemninga tilbod til toppidrettsutøvarar, medan det i tidlegare Sogn og Fjordane var tilbod til potensielle toppidrettsutøvarar. Toppidrettstilboda ved Tertnes og Voss vidaregåande skular er kjent for dei fleste med interesse for idrett.

I tillegg har det vore stor forskjell i utveljings- og inntaksprosessane. I Hordaland har inntaksprosessen til toppidrettstilboda vore i tett samarbeid med Olympiatoppen Vest. Søkarar som vart godkjente av Olympiatoppen Vest har fått reservert plass i inntaket. Inntaket til toppidrettstilbodet har vore for eitt år om gangen.

I Sogn og Fjordane er det Sogn og Fjordane idrettskrins som har vurdert dei idrettsfaglege prestasjonane, i samråd med aktuell særkrins/region. Idrettskrinsen si vurdering har gitt grunnlag for deltaking i det særskilte idrettstilbodet, men berre dersom søkeren konkurrerte seg inn i inntaket på ordinært vis. Ingen fekk reserverte plassar.

Det var endringa i § 6 i forskrift til opplæringslova som trådte i kraft september 2013, at høve til å gje reserverte plassar vart stramma inn. Før endringa fekk også søkarar i Sogn og Fjordane reserverte plassar, dersom idrettskrinsen fann dei idrettsfaglege kvalifiserte.

Når Vestland fylkeskommune no skal vedta lokal inntaks- og formidlingsforskrift er det vanskeleg å tilrå ordningar som er i strid med sentral forskrift. For tilbod til idrettsutøvarar, både potensielle og definerte toppidrettsutøvarar må rammene i den sentrale forskrifta vere grunnlag for lokal forskrift. I sentral forskrift

§ 6-11 Særlege reglar om inntak til einskilde utdanningsprogram mv første ledd, står:

For inntak til utdanningsprogram for musikk, dans, drama og utdanningsprogram for idrettsfag i Vg1 kan fylkeskommunen fastsetje særlege reglar i den lokale forskrifta om inntak. Fylkeskommunane kan fastsetje at inntil 50 prosent av plassane i desse utdanningsprogramma kan tildelast på grunnlag av dokumentasjon av ferdigheit eller eventuell inntaksprøve, i tillegg til poeng rekna ut på grunnlag av karakterar.

Paragrafen er uttømmende på kva utdanningsprogram det er høve til å tildele plassar på grunnlag av ferdigheitsprøve i, og til kva nivå. Toppidrettstilbodet ved Tertnes vgs slik inntaket praktiserast no er i strid med sentral forskrift på to punkt:

- Det er ikkje høve til tildele poeng på grunnlag av dokumentasjon av ferdigheit eller eventuell inntaksprøve til vg1 studiespesialisering.
- Det er ikkje høve til å reservere plass for søkarar, anna enn det som går fram av paragrafane i sentral forskrift som omhandlar søkarar med fortrinnsrett eller søkarar som av andre grunnar har behov for individuell handsaming (§ 6-15 og utover)

•

Toppidrettstilbodet ved Voss gymnas er knytt til utdanningsprogrammet idrettsfag, kan vere i strid med kulepunkt to. Ut frå § 6-11 må minimum halvparten av søkarane til vg1 idrettsfag få konkurrere på karakterane sine. Ved Voss gymnas er det 0,5 klasse ordinær idrettsfag og 0,5 klasse toppidrettsfag. Fylkesrådmannen vurderer at det samla tilbodet skulen har på idrettsfag gjer at inntil halvparten då bli tatt inn på idrettsfaglege prestasjonar, og med det innafor rammene i sentral forskrift

Det er mogeleg å knyte tilbodet som no er ved Tertnes vgs til utdanningsprogrammet idrettsfag i staden for studiespesialisering, men reserverte plassar er det ikkje heimel for. Idrettsfag er ikkje tilbod ved Tertnes vgs i dagens tilbodsstruktur.

Eit ev. vedtak om rett til vg2 og vg3 ved same skule, i alle studieførebuande utdanningsprogram, vil ikkje bli ramma av avgrensinga i den sentrale forskrifta, då det ikkje vil vere toppidretten som er grunnlaget for oppflytting til neste nivå, men generell rett for alle elevane i studieførebuande utdanningsprogram .

### **Fylkesrådmannen sine vurderingar**

Konsekvensane av rammene i sentral forskrift vil vere at ein må tenke nytt og kanskje annleis omkring toppidrettstilbodet. Fylkesrådmannen meiner det er grunn til å drøfte om satsinga på toppidrett skal eller kan organiserast på anna måte enn gjennom så sterk medverknad frå Olympiatoppen Vest som i dag. Toppidrettstilbodet er svært kostbart, er for få elevar og samarbeidet gjev i liten grad ringverknader til andre idrettstilbod i fylkeskommunen. Mange av dei vidaregåande skulane gjev gode tilbod innanfor rammene av programfaget toppidrett. Tilboda for potensielle toppidrettsutøvarar i nordfylket er i tråd med gjeldande forskrift og er mindre kostnadskrevjande. Det er budsjettert med 8,5 mill. kr årleg til toppidrettstilbod i regi av Olympiatoppen- Vest og 0,750 mill. kr til spissa idrettstilbod til potensielle toppidrettsutøvarar.

Fylkesrådmannen si vurdering er at vi må drøfte den samla satsinga på tilbod til elevar som ønsker å kombinere vidaregåande opplæring med satsing på idretten sin, og gje likeverdige tilbod i sør- og nordfylket.

Både Olympiatoppen Vest og Vestland idrettskrets ønsker ein dialog med fylkeskommunen om toppidrettssatsinga. Fylkesrådmannen meiner det er viktig å først få på plass dei ytre rammene, det som skal forskriftsfestast, slik at handlingsrommet i ein dialog er avklara.

### **Fylkesrådmannen si tilråding**

Fylkesrådmannen tilrår at ein no gjer nødvendig vedtak knytt til inntak til vg1 idrettsfag. Handlingsrommet til fylkeskommunane er å fastsette kven som har mynde til fastsette skala for tilleggspoeng. Framlegg til ordlyd:

1. Inntil 50 % av søkjarane som har vg1 idrettsfag som sitt første ønskje, kan takast inn

- på grunnlag av dokumenterte ferdigheiter (idrettslege kriteria) i tillegg til karakterpoeng/ konkurransepoeng (poengsum).
2. Skala for tilleggspoeng, på bakgrunn av dokumentasjon frå særkrins/klubb, blir fastsett av fylkesrådmannen.
  3. Søkjarar som ønskjer tilleggspoeng, må sende inn dokumentasjon frå særkrins/klubb som stadfestar dei idrettslege prestasjonane. Dokumentasjon skal sendast skulen dei har som sitt første ønskje.

Framlegget til vedtak er i tråd med ordlyden i dei to tidlegare fylkeskommunane sine lokale inntaks- og formidlingsforskrifter.

Søkarane til skuleåret 2020/21 har søkt på grunnlag av eksisterande tilbod og ordningar, det vil vere urimeleg å endre føresetnadane for kommande skuleår.

Som oppfølging av dette vedtaket vil fylkesrådmannen invitere til dialog og vidare prosess med aktuelle partar. Dette arbeidet må vere klart slik at det blir del av sak om opplæringstilbodet for skuleåret 2021/22.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget har vedtakskompetansen

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at lokal forskrift om inntak og formidling, blir vedteke i samsvar med vedlegg 4, Lokal forskrift om inntak og formidling i Vestland fylkeskommune, datert 18.4.2020.

Paragrafane 2, 5 og 7 blir har desse ordlydane:

## § 2 Inntaksområde

- (1) Vestland fylkeskommune er delt inn i inntaksregionar.
- (2) Inntaksregionane er følgjande:
  - a) Kommunane i tidlegare Hordaland fylkeskommune
  - b) Kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune
- (3) Søkjarane står fritt til å søkje alle skular i eigen inntaksregion, og har rett til eit tilbod i eigen inntaksregion.
- (4) Karakterar avgjer kva utdanningsprogram og kva skule søkjaren kjem inn på innanfor sin inntaksregion.
- (5) For søkjarar til programområde fylkeskommunen ikkje tilbyr kan fylkesrådmannen kjøpe skuleplassar i andre fylke. Dette gjeld berre søkjarar med ungdomsrett.
- (6) Søkjarar busette i enkelte grenseområde med andre fylke, vert behandla i høve til eigne avtalar mellom fylkeskommunane.
- (7) Fylkesrådmannen kan kjøpe skuleplass for søkjarar med ungdomsrett til andre fylkeskommunar etter individuell vurdering, dersom det er tungtvegande grunnar for dette.

- 

#### § 5 Oppflytting Vg2 og Vg3 studieførebuande utdanningsprogram

(1) Søkjar til Vg2 studieførebuande utdanningsprogram har rett til å halde fram på same skule der Vg1 er fullført dersom ho/han har kompetanse frå Vg1 og har søkt som fulltidselev. Føresetnaden er at det vert søkt om inntak påfølgjande år. Til Vg2 musikk ved Langhaugen vgs vert elevar frå Vg1 musikk, dans og drama ved skulen prioritert for inntak saman med søkjarar frå Vg1 ved andre fylkeskommunale skular.

- 

(2) Søkjar til Vg3 studieførebuande utdanningsprogram har rett til å halde fram på same skule der Vg2 er fullført dersom ho/han har kompetanse frå Vg2 og har søkt som fulltidselev etter inntaksforskrifta. Føresetnaden er at det vert søkt om inntak påfølgjande år.

- 

#### § 7 Inntak til Vg1 idrettsfag

(1) Inntil 50 % av søkjarane som har Vg1 idrettsfag som sitt første ønskje, kan takast inn på grunnlag av dokumenterte ferdigheiter (idrettslege kriterier) i tillegg til karakterpoeng.

(2) Skala for tilleggspoeng, på bakgrunn av dokumentasjon frå særkrins/klubb, blir fastsett av fylkesrådmannen.

(3) Søkjarar som ønskjer tilleggspoeng, må sende inn dokumentasjon frå særkrins/klubb som stadfestar dei idrettslege prestasjonane. Dokumentasjon skal sendast skulen dei har som sitt første ønskje.